

No kjem skatten!

Skatteoppgjeret for inntektsåret 2007 for dei som er med på juniutlegget (PSA) vert utsendt 25. juni 2008.

Skattytarar med beløp til gode vil få dette utbetalt i veke 26.

Restskatt under 1 000 kroner forfell til betaling 20. august 2008. Dersom restskatten er over 1 000 kroner, vert 1. termin å betale innan 20. august og 2. termin innan 24. september.

Innbetalingsblankettane vert sendt ut i slutten av juli. Det er likevel høve til å betale no. Beløpet kan betalast til Skatteoppkrevjaren i Skodje, bankkto. 6345 06 15295. Betalinga skal ha eit KID-nummer. KID-nummer kan du lage på www.skatteetaten.no. Husk å velje 2007 som skatteår.

Skattekontoret (likningskontoret) kan svare på spørsmål som gjeld likninga. Skatteoppkrevjaren kan svare på spørsmål som gjeld avrekninga.

Skattelister vil fyrst verte lagt ut til hausten og vil då omfatte alle skattytarar.

Skodje kommune
ønskjer alle

God sommar!



Opningsfest ved Skodje barnehage

18. august vert det stor fest for store og små ved Skodje barnehage. Denne dagen skal barn, foreldre, personale og andre som har vore involverte i byggeprosessen, samlast til offisiell opning av den nye flotte barnehagen.

I løpet av dei siste to åra har barnehagen vore gjennom både utviding, ombygging og ei oppgradering både utvendig og innvendig. Tidlegare Skodje og Prestemarka barnehage har no endeleg blitt samlokalisert i eit moderne og flott barnehagebygg.

Barnehagen gjev plass til 100 barn frå og med 15. august.

Dei nye og flotte lokala skal gje rom for felleskap, medverknad, inspirasjon og læring. «Hos oss skal alle føle seg som ein positiv og ønska del av fellesskapet!»

Industrietablering på Stette

Flakkgruppa har kjøpt eit stort område på industriområdet på Stette for produksjon av vindu.

Det skal settast opp ein produksjonshall på ca. 5 000 m² pluss administrasjonsbygg. Produksjonen blir veldig automatisert, men i første omgang vil verksemda gje plass til 25 arbeidarar med planar om utviding til 50.

Planering av området og etablering av tekniske anlegg er alt i gang. Reising av bygget skal starte i løpet av sommaren.

Nytt om fleirbrukshallen

Det er oppnemnt byggekomité for prosjektet. Komitéen vedtok i møte torsdag 12.06.08 å engasjere Ose Ingeniørkontor AS i Ørsta til prosjektleiing. Ein tek sikte på å halde møte med prosjektleiaren snarast råd.

Arkitekten arbeider med funksjonsbeskrivelsen av bygget. Den skal danne grunnlaget for utlysinga av prosjektet til entreprenør. I skrivande stund er det ikkje fastsett når det skjer.

Skodje skulekorps ønskjer seg nye aspirantar!

Korpset består i dag av 21 speleglade medlemmer i alderen 10-19 år, og vi vil ha med mange, mange fleire! Det er eit flott miljø i korpset, med mykje humor og speglede, og dess fleire vi blir, dess meir svingar det av musikken vi spelar i lag. Ta kontakt med Kulturskolen (Skodje barneskule), og bli med på ein hobby du har glede av heile livet!

Nytt kryss på Stette?

Trafikksituasjonen på riksveg 661 gjennom Stette er ikkje god. Auka trafikk på både riksvegen og frå sidevegane gjer strekninga utsett for ulykker. Derfor har Skodje kommune teke dette opp med vegvesenet som har uttala seg positivt om å samle trafikken frå både austsida og vestsida av riksveg 661 i eit kryss.

Også ei omlegging av busslommene og parkeringsplassen vil bli vurdert samstundes.

Biblioteket

Skodje folkebibliotek har stengt i sommar.

Siste opningsdag:
Torsdag 26. juni.

Første opningsdag:
Måndag 4. august.

God sommar!

Gartneriet

Gartneriet på Prestemarka vert stengt frå 28. juli.

Deretter vil gartneriet berre halde oppe i **desember** for sal av juleplanter, samplantingar og dekorasjonar, samt i **mai og juni** for sal av sommarplanter.

Snittblomster og anna sal fell vekk.

Bråtebrenning

Det er forbode å brenne bråte i tidsrommet 15. april - 15. oktober. Husk brannfaren, og vis miljøansvar. Ta omsyn til naboar og andre.

Klescontainer

Vi har eit problem med klescontainer på Valle, der det ofte blir kasta anna avfall som øydelegg innhaldet i containeren. Dette medfører at det har vore naudsynt å køyre klede og tekstilar til forbrenningsanlegget på Grautneset.

Neste Kommunenytt

Neste Kommunenytt kjem ut ca. 5. september. Frist for innlevering av stoff til dette nummeret er 26. august.

Abonnentar med sekkerrenovasjon

Det er no omlag eit år sidan vi gjekk over frå sekkerrenovasjon til dunk-systemet. Tilbakemeldingar frå publikum er positive.

Det er ei lita gruppe som framleis leverer avfall i sekkar p.g.a henteavstand m.m.

Dei som framleis skal levere avfall i sekkar får utlevert nye i løpet av juni. Dei nye sekkane som skal nyttast får **gult** fargetrykk.

Etter den 01.08.08 vert ikkje dei gamle sekkane, d.v.s. sekkar med kvitt fargetrykk, lenger henta av renovasjonsbilen. Desse sekkane blir då ikkje gyldige lenger.

Nye, kvite ekstrasekkar

Ekstrasekkar kan kjøpast på servicekontoret. Dette gjeld alle abonnentar.

Abonnentar som tidlegare har kjøpt ekstrasekkar, og ikkje har nytta desse, kan ta kontakt med servicekontoret.

Oppmoding

Når bossekken vert sett ut for avhenting, bør den dekkjast til med not e.l. for å unngå at fuglar og dyr kjem til.



Dette skjer

Svartløken rundt

Barneidrettsgruppa i Skodje I.L. og Ålesund og Omegn Cykleklubb har eit samarbeid om sykkeløpet Svartløken rundt.

Vi arrangerte det samme i fjor, der det deltok 30-40 fra barneidrettsgruppa.

Det vil i år bli annonsert tidlegare og til fleire sykkelklubbar at her er alternativ til barna, så vi forventar oppimot 100 deltakarar.

Når hovedløpet er starta, har vi sykkeløp for barn mellom 3 og 12 år.

Løpet er delt inn i aldersklassar der lengde og vanskelighetsgrad varierer.

Løpet startar ved klubbhuset og går i området stadion og lysløypa.

Kiosksalg i klubbhuset.

Alle blir premiert.

Søndag 10. august kl. 13.00.

Startkontingent kr 20,-

Det er påbode å bruke hjelm.

Skodjedagane

Skodjedagane har i år 25-årsjubileum, og blir arrangert 13. - 14. september. Jubileet vil bli markert ved eit ekstra fokus på å ha eit rikt og variert program heile messehelga, i tillegg til vår tradisjonelle kunst- og handverksutstilling og salsmesse.

Set av denne helga til å oppleve dei trivelege Skodjedagane, som Skodje skulekorps er stolt arrangør av!

Kommunenytt-redaksjonen oppmodar lag, organisasjonar og andre om å bruke «*Dette skjer*»-spalten aktivt til å kunngjere tilstelningar og arrangement i kommunen. Sjå adresse og e-post-adresse nederst på sida.

Vi minner òg om at lag og organisasjonar kan legge ut informasjon om kulturarrangement på www.kulturnett.no

"Kommunenytt" er utgitt av Skodje kommune, og blir distribuert til: Alle husstandar, handlande og kontor i Skodje, kommunale avdelingar og Ålesundsregionens utviklingskontor. Redaksjon og layout: Knut Berg. Ansvarleg redaktør: rådmann Kjell Bjørdal.



SKODJE KOMMUNE

6260 SKODJE | 70 24 40 00 | Beredskapstlf. teknisk: 99 29 66 35
postmottak@skodje.kommune.no | www.skodje.kommune.no